
Fra: Hanne Marie Evensen
Sendt: tirsdag 26. februar 2019 09.13
Til: 'jab@framo.no'
Emne: Trong for tilleggsopplysningar, vår sak 19/445

Hei

Kommunen stadfester å ha motteke dykkar søknad 13.02.2019.

Mottakskontroll.

Kommunen har kontrollert søknaden og finn at den ikkje er fullstendig, jf. byggesaksforeskrifta (SAK) § 5-4.

Vi ber om at søknaden vert supplert med følgjande:

1. Det må søkjast om dispensasjon frå arealformålet landbruk-, natur og friluft (LNF).
2. Det må sendast nabovarsel til nabo i gbnr. 47/6 – Tommy Birkeli, både om omsøkt tiltak og søknad om dispensasjon. Kopi av varsel må leggjast ved søknaden.

Informasjon og skjema om ovannemnte finn du på <https://www.meland.kommune.no/innhald/plan-bygg-og-eiendom/byggesak/>.

Kommunen ber om at tilleggsinformasjon vert sendt innan 19.03.19. Dersom informasjonen ikkje er sendt kommunen innan fristen, vert saka tatt til handsaming ut frå dei opplysningane som ligg i søknaden.

Med venleg helsing

Hanne Marie Evensen
Juridisk rådgjevar byggjesak
Meland kommune
e-post: hanne.marie.evensen@meland.kommune.no

